



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Johan Myking
Sætrevegen 240
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 19/828 - 19/8230

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
Kjartan.Nyhammer@radoy.kommune.no

Dato:
21.05.2019

Gbnr 35/2 Myking - Løyve til deling etter jordlova

Delegasjonssak nr.: 129/2019

Saksutgreiing:

Me viser til søknad motteke 21.mai 2019

Saka gjeld :

Søkjær og heimelshavar til gbnr 35/2 Myking, Johan Myking, ynskjer etter samråd med familien å selje landbrukseigedom gbnr 35/2 Myking. Søkjær ynskjer å gje dagens leigetakar av innmarka tilbod om å kjøpa landbruksarealet, men vedkomande ynskjer ikkje meir bygningsmasse å ta hand om. Dette er bakgrunn for søknaden om frådeling av tunet.

Det vart i utgangspunktet søkt om ein tomt på ca 4600 m². Etter høyringsuttale frå Fylkesmannen er tomtestorleiken redusert til totalt 2500 m² og av dette er 361 m² dyrka jord. Dette i samråd med søkjær.

Mynde :

Saka vert handsama administrativt av landbrukssjefen etter delegert mynde frå rådmannen.

Lowverk :

Saka skal handsamast etter jordlova då eigedom er ein drivverdig landbrukseigedom

Landbrukseigedom gbnr 35/2 Myking :


Eigedom har eit totalareal på 266,1 dekar ifølgje Nibio sitt gardskart. Av dette er 22,2 dekar fullldyrka jord og 54,9 dekar innmarksbeite. Vidare er 116,3 dekar produktiv skog og 70,3 dekar anna utmark. Vidare er 2 dekar tun/bygg/veg. Det er eit våningshus god stand og ei løe som er godt vedlikehalde, som er innreia for storfe men som det ikkje lengre kan haldast storfe i grunna lausdriftskravet. Det høyrer også eit naust til eigedom ved Mykingvatnet.

Omsøkt tomt :

Fyrste situasjonskart, 4576 m² :



Justert situasjonskart, i samråd med søkjar, etter høyringsuttale frå Fylkesmannen, ca 2500 m²:



I det justerte situasjonskartet er tomten redusert til ca 2500 m² og omdisponert dyrka jord til 361 m².

Vurdering :

Før ein kan gje løyve til deling skal dyrka og dyrkbar jord ha løyve til omdisponering jfr § 9 i jordlova.

Vedtak:

Radøy kommune gjev løyve til frådelling av tunet m/ nauset på gbnr 35/2 Myking. Det vert sett som vilkår at tomten ikkje vert større enn 2500 m2 og at tomtegrensene i stor grad følgjer justert situasjonsplan.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt Landbrukssjef Kjartan Nyhammer.

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Kjartan Nyhammer
Landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Teknisk forvaltning

Mottakere:
Johan Myking

Sætrevegen 240 5936

MANGER